

Referat frå SU/SMU-møte 19.11.18.

Frammøte: Gisela Smith-Nilsen, Ann Iren Aas, Ingrid Malin, Sølvi Skar, Brit Guro Rypdal Hovden, Lars Helge Lien, Dag Christian Eidhamar, John Salthammer, Raymond Aas-Furland, Liv Vollan.

Forfall: Martin Kjøpstad, Svein Hole, Marianne Wiik.

Sak 08-18-19: Godkjenning av protokoll frå førre SU/SMU-møte 17.09.18

Ingen merknad

Sak 09-18-19: Status politisk arbeid med skulestruktur(vedlagt saksframlegg og saksprotokoll kommunestyret 25.10.18)

Vedtak: ikkje flytting av Tresfjord Skule inneverande skuleår. Eit høyringsnotat skal utarbeidast av skuleutvalet og behandlast i kommunestyret januar 2019. Høyringsnotatet skal etter det sendast ut med 6 vekers frist for uttale. Notatet skal behandlast i FAU 11.02.19 og SU/SMU 18.02.19.

Sak 10-18-19: Gjennomgang og godkjenning av Plan for trivsel og orden Helland skule/SFO

Godkjent plan med framlagte endringar.

Sak 11-18-19: Nytt frå Elevrådet:

Innkøyring på skuleområdet i matfri av varebilar (Tine)og andre bilar. Liv vil be Laila (mjølkeansvarleg på skulen), kontakte Tine ang deira rutinar med leveringstidspunkt, tryggleik ved rygging osv.

Ikkje opna for store investeringar no i prosessen fram til avklaring ny skulestruktur. Gisela sa at nødvendige innkjøp framleis blir gjennomført.

Prosjekt oppussing av toalett ungdomsskulebygget: Elevar har fått i oppgåve frå eigedomsdrift å kome med innspel og innhente prisar til oppgradering av toalettrom. Elevrådskontakt Trond Klokset skal vidaresende innspela frå elevrådet til eigedomsdrift.

Sak 12-18-19: Nytt frå FAU:

Saker som FAU har arbeidd med: Revidering av *Temaplan for foreldremøter*, status i arbeidet med uteområdet nordsida barneskulebygget, skulestruktur, utfordringar med rundkøyringa ovanfor ungdomsskulebygget og resultat av nasjonal rapport om rusmisbruk på ungdomstrinnet, der Vestnes scora høgt. FAU vil oppfordre foreldrekontaktene til å ta opp temaet på foreldremøte.

Sak 13-18-19: Resultat trivselsundersøkinga haust 2018-ikkje anonym undersøking

1.-10.klasse – ikkje anonym undersøking som klassane gjennomfører 2 gonger i løpet av september månad. Tiltak blir arbeidd med mellom desse to undersøkingane. Oppfølgingsarbeidet er viktig då undersøkinga er med å avdekke mistrivnad og mobbing tidleg ved skulestart.

Tidleg undersøking – tiltak - trygge eleven.

Skulen skal både arbeide førebyggjande og følgje opp saker som blir meldt inn.

Meir om dei ulike tiltaka skulen arbeider med er konkretisert i

Plan for trivsel og orden Helland skule/SFO.

Sak 14-18-19: Endring møteplan vår 2019

Møtet 11.03.19 kl. 18.00 går ut.

Nytt avtalt møte: 18.02.19 kl. 18.00.

Møtet 08.04.19 kl. 18.00 står ved lag.

Sak 15-18-19: Eventuelt

Ingen innmeldte saker

Ref: Liv Vollan